

Signeringsinformasjon

Side 1/1

 **Protokoll: Osterøy sokneråd torsdag 12. mars 2026**

Navn	Signert med	Tidspunkt
Kari Vevle Reigstad	BankID OIDC High	2026-03-15 10:49:45
Bjarte Hammer Aarland	BankID OIDC High	2026-03-16 07:54:56



Dette dokumentet er elektronisk forseglet og inneholder elektroniske signaturer

Møteprotokoll

Råd: Osterøy sokneråd

Dato og tid: 12.03.2026, 17:00

Stad: Kyrkjesenteret i Lonevåg

Saksmappe: OS2026-24

Til stades: Bjarte Aarland (leiar), Kari Vevle Reigstad (Nestleiar), Anne Cecilie Skeidsvoll (Medlem), Evy Bysheim Pedersen (Medlem), Jan Roald Myking (Medlem), Kristin-Merete Nøttveit (Medlem), Liv Rivenes (Medlem), Magne Roald Vikne (Medlem), Miriam Skjelvik Kalland (Medlem), Otto Mo (Medlem), Anne-Mari Tyssebotn Bardsley (Varamedlem), Atle Hammer (Varamedlem)

Forfall: Sigmund Faugstad (Andre innkalte)

Protokollfører: Linda Gripsgård Lunga

Gerd-Karin Njåstad stilte som vara for Sigmund Faugstad.

Sakslista

Faste Saker

008/26 FR - Godkjenning av protokoll frå møte 29.01.26

009/26 FR- Godkjenning av innkalling og saksliste

Møtesaker

010/26 FR - Rekneskap for 2025

011/26 FR - Årsmelding for 2025

012/26 FR - Kyrkjespiret i Hosanger kyrkje

013/26 FR - Val av kyrkjeverjer til Digitaliseringsutvalet

014/26 SR - Komitè til 700 års jubileum for Hosanger som kyrkjestad

015/26 SR - Utvikling i komitè for eige kyrkjeblad

016/26 SR - Vidare arbeid med visjon for kyrkjelyden

017/26 SR - Misjonsprosjekt i Osterøy sokn

018/26 SR - Vidare arbeid med gjevarteneste

Orienteringssaker

00008 Utgifter straum for januar 2026

00009 Frosne rør i sprinkelanlegget i Hamre

00010 Nye røromnar i koret i Hamre kyrkje.

00011 Ledlys i taket i Hamre kyrkje

00012 Tilbod fasadevask på Haus, Bruvik og Gjerstad kyrkje

Kari Vevle Reigstad
Nestleiar

Bjarte Aarland
leiar

008/26 FR - Godkjenning av protokoll frå møte 29.01.26

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	12.03.2026	008/26

Saksframlegg

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 29.01.26

Vedtak

Godkjent.

009/26 FR- Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	12.03.2026	009/26

Saksframlegg

Godkjenning av innkalling og saksliste.

Møtebehandling

Ekstra orienteringssak om pristilbod på fasadevask av Bruvik, Haus og Gjerstad kyrkje.

Vidare behandling om kyrkjebevaringsfondet vert sak på møte i april.

Gerd-Karin Njåstad ønskjer sjekk eller utbytting av låskassane til toaletta i kyrkjelydshuset på Haus.

Det vart etterspurt handikappskilt og parkering for prest og organist til alle kyrkjene på Osterøy.

Vedtak

Godkjent.

010/26 FR - Rekneskap for 2025

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	12.03.2026	010/26

Saksframlegg

Rekneskapet for 2025 er per i dag ikkje klart til utsending. Aider rekneskap er forsinka grunna mykje sjukdom i firmaet og vi vil antageligvis motta rekneskapet fredag 6. mars. Ettersender det difor når det er mottatt.

Forslag til vedtak

Soknerådet godkjenner rekneskapet slik det ligg føre.

Møtebehandling

Gjennomgang av rekneskapet på møte i april, då vi fekk det tilsendt ein halv time før møtestart. Sjekke kva bundne fond på kr 120 000,- er og kva det eksakte mindreforbruket vert.

Vedtak

Gjennomgong av rekneskapet vert som sak på soknerådsmøte i april.

Godkjent slik det førebels ligg føre.

011/26 FR - Årsmelding for 2025

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	12.03.2026	011/26

Saksframlegg

Vedlagt er utkast til årsmelding for 2025. Det er årsmøte etter gudstenesta i Hamre kyrkje søndag 22.mars.

Forslag til vedtak

Soknerådet godkjenner årsmeldinga slik den ligg føre.

Møtebehandling

Gerd-Karin Njåstad etterspør informasjon om "Heilt førsteklasses" i TOL. Kyrkjeverja spør trusmedarbeidar Helga A. Mjelstad om ho ønskjer å ha det med i årsmeldinga for 2025.

Vedtak

Godkjent med overnevnte endringer.

012/26 FR - Kyrkjespiret i Hosanger kyrkje

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	12.03.2026	012/26

Saksframlegg

På soknerådsmøte 29.januar vart det vedtatt at Magne Vikne og Kjetil Monstad skulle ta en sjekk på tårnet frå innsida. Helst ein dag då det regna, slik at det var lettare å sjå kor det lak. Vi vurderer ein enklare og billegare løysing i reparasjon av lekkasjen. Per 4. mars er dette ikkje gjort, men vonar at det kan verte tid og rom for ein sjekk innan soknerådsmøte 12. mars.

Møtebehandling

Soknerådsmedlem Magne Vikne og Kjetil Monstad har hatt synfaring i tårnet i Hosanger kyrkje. Deira konklusjon er at det er ikkje nokon umiddelbar fare for tårnet slik det er no. Deira forslag er å leige ein lastebil med lift hjå firmaet "Naboen" og leige inn blikkenslager for å finne og utbedre lekkasjen. Dette vil ha ein stor kostnad. Saka vert utsatt til 2027.

Vedtak

Saka vert utsett til 2027.

013/26 FR - Val av kyrkjevevjer til Digitaliseringsutvalet

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	12.03.2026	013/26

Saksframlegg

Det har kommet brev frå Kyrkjerådet om val av kyrkjevevjer til digitaliseringsutvalet. Utvalet skal organisere og samordne digitaliseringsarbeidet i Den norske kyrkja. Digitaliseringsutvalet beslutter kva for løysingar som er fellesløysingar og skal sikre effekt av arbeid i tråd med kyrkjas behov. Digitaliseringsutvalet skal bidra til å gjere kyrkja meir tilgjengeleg for alle som bruker kyrkja, og gjere medarbeidarane sin kvardag enklare.

Alle fellesråd og sokneråd med fellesrådsfunksjonar er beden om å avgje stemme i valet av fem faste kyrkjevevjer som medlemmar av digitaliseringsutvalet og seks varamedlemmer. Valperioden er på 3 år. Alle fellesråd har fem stemmer. To på store fellesråd, to på mellomstore og ein på små fellesråd. Frist for å stemme er 5.april 2026.

Fellesrådet kan gje arbeidsutvalet i fellerådet fullmakt til å foreta valet på vegne av fellesrådet.

Forslag til vedtak

Fellesrådet delegerer valet til arbeidsutvalet.

Vedtak

Saka vert delegert til AU.

014/26 SR - Komitè til 700 års jubileum for Hosanger som kyrkjestad

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	12.03.2026	014/26

Saksframlegg

Vi er i startgropa på planlegginga av 700 års jubileum i Hosanger kyrkje. Det er foreslått markering i mai 2029. Til dette treng vi allereie no ein komitè. Vi drøftar kven vi ønskjer skal utgjere ein slik komitè.

Møtebehandling

Det kom inn forslag på kven vi skal spørje om å stille i komitè:

Jan Hanstveit, Gyda Tveiten Lewis, Solfris Bardsley, Aksel og Kari Mjøs, Arno Isvik, Lars Arne Bysheim, Eirin Tysse Bysheim, Solveig Hojem, Finn Røsland og ordførar Lars Fjeldstad.

Kyrkjeverja spør dei om dei vil stille.

Frå kyrkjekontoret stiller:

Sokneprest Astrid Marie Haugland

Organist Trent Bruner

Kyrkjeverje Linda Gripsgård Lunga.

Vedtak

Kyrkjeverja spør dei som står på lista til neste soknerådsmøte i april.

015/26 SR - Utvikling i komitè for eige kyrkjeblad

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	12.03.2026	015/26

Saksframlegg

I møte 29.januar gjorde vi vedtak på å setje ned ein komitè for å arbeide med eit eige kyrkjeblad. Komiteen består av Miriam Skjelvik Kaland, Evy Bysheim Pedersen og Brit Margunn Rød. Dei ville starte å jobbe med dette og kome tilbake til saka i neste soknerådsmøte.

Møtebehandling

Komiteèn for eige kyrkjeblad har hatt eitt møte. Neste møte vert i veke 12. Dei jobbar med å finne ut av priser og om dei skal organisere seg som eigen organisasjon eller om dei skal vere ein organisasjon som ligg forankra i soknerådet.

Målet er at det første bladet skal kome i papirform til alle husstander på Osterøy i sept -26. Navnet "Kyrkehelsing" vert vidareført. Brit Margunn Rød vil sjekke om dei kan bruke Katrine Tveit som grafisk designer. Dersom det ikkje let seg gjere vil Miriam Skjelvik Kaland vurdere om ho kan gjere jobben.

Bladet må framleis innehelde annonser, informasjon om døypte, konfirmerte, vigde og avlidne, samt oversikt over gudstenester fram i tid.

Kyrkjeverja vil spørje rekneskapskontoret om korleis vi kan organisere dette i soknerådet sin økonomi.

Det føreligg roder for utdeling av bladet som fasteaksjonen har liggande. Magne Viken tilbyr seg å dele ut bladet i postkassane på Bruvik.

Vedtak

Soknerådet gjer komiteèn format til vidare arbeid med eige kyrkjeblad.

016/26 SR - Vidare arbeid med visjon for kyrkjelyden

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	12.03.2026	016/26

Saksframlegg

På møte i januar snakka vi litt om at vi burde ha ein eigen visjon i kyrkjelyden. I det møte vart det ikkje nokon konklusjon. Dersom du har tenkt på ein visjon du meiner kunne passa på Osterøy, så kom gjerne med den på komande møte. Vi tar ein liten runde på om det. Dersom vi ikkje får avgjort noko så er forslaget å ha det som eit tema på medarbeidarfesten til hausten.

Møtebehandling

Astrid Marie hadde ei liste over visjonar til andre sokn. Vi vil at dette skal vere noko som vert behandla på Medarbeidarfesten til hausten. Neste soknerådsmøte i april har vi ein gjennomgong på korleis vi ønskjer dette.

Vedtak

Soknerådet vil at det skal vedtas visjon på medarbeidarfesten i haust.

017/26 SR - Misjonsprosjekt i Osterøy sokn

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	12.03.2026	017/26

Saksframlegg

Vi har fleire gonger vore innom misjonsprosjekt. Skal vi invitere nokre misjonsorganisasjonar som de meiner er grunnlag for å høyre litt meir frå, før me landar på eitt eller fleire prosjekt? Planen er å kunne invitere dei til neste soknerådsmøte 23. april for å få meir kunnskap om kva dei står for.

Møtebehandling

Vi ønskjer å invitere Det Norske Misjonsselskapet til å fortelje om kva for prosjekt dei har, anten på møte 23.april eller 4. juni.

I tillegg ønskjer vi å invitere Stefanusalliansen til ein av dei møtedatoane.

Vedtak

Det Norske Misjonsselskap og Stefanusalliansen vert invitert til å informere om deira prosjekt på møte 23.april eller 4. juni.

018/26 SR - Vidare arbeid med gjevarteneste

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	12.03.2026	018/26

Saksframlegg

Vi har hatt to møter i komiteèn for gjevarteneste. Komiteens forslag til formål er innsamling til ei diakonstilling. Dersom vi på sikt får 150 gjevarar som til dømes gir 250 kr pr månad vert det kr 450 000,- i året. Dette kan utgjere ei 50% stilling som diakon. No når Frivillighetssentralen er nedlagt er behovet for ei diakonstilling enno større. For å styrke økonomien kan det vere aktuelt at det først er ei prosjektstilling på til dømes to år. I tillegg treng vi en buffer som økonomisk garanti. Vi vil også høyre med Bjørgvin bispedøme om regelverket for å kunne søke bispedømet om stønad.

Komiteen ønskjer ein prat om formålet og vil gjerne høyre kva soknerådet tenkjer.

Forslag til vedtak

Soknerådet vedtek å ha ei diakonstilling som formål inn i oppstart av ei gjevarteneste.

Vedtak

Soknerådet vedtek å ha ein diakonstilling som formål inn i oppstarta av ei gjevarteneste.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	12.03.2026	00008

00008 Utgifter straum for januar 2026

Informasjon

Til informasjon fekk vi ei rekning på kr 135 000,- i straum for kyrkjene, kyrkjelydshuset og kontora for januar månad.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	12.03.2026	00009

00009 Frosne rør i sprinkelanlegget i Hamre

Informasjon

I februar vart det oppdaga at det var frose i sprinkelanlegget på Hamre. Tining og reparasjon av eit sprukket rør vart reparert av Mjeldstad og Stokke. Pris på ca kr 50 000,- vart sendt til KNIF forsikring. Eigenandelen er kr 25 000,-.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	12.03.2026	00010

00010 Nye røromnar i koret i Hamre kyrkje.

Informasjon

Bravida har nyleg montert dei nye røromnane i Hamre kyrkje. Pris er ca kr 60 000,-.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	12.03.2026	00011

00011 Ledlys i taket i Hamre kyrkje

Informasjon

Som kjent avgjer dei nye ledlysa i taket i Hamre for lite lys. Dette vart reklamasjonssak og firmaet Lyskomponenter som leverte lysa sett opp eit lyssett til kostnadsfritt. Lyskomponenter dekker nytt utstyr og kostnader med stillas. Bravida monterer utstyret og sender rekninga til Lyskomponenter. Det er litt leveringstid på dette sidan dei må lage 32 LED profiler, men vi kan forvente at dette vert gjort i løpet av våren.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	12.03.2026	00012

00012 Tilbod fasadevask på Haus, Bruvik og Gjerstad kyrkje

Informasjon

Pris for komplett fasadevask:

Hans Kyrkje: kr 29 000,- eks. mva

Gjerstad: kr 23 000,- eks. mva

Bruvik: 21 900,- eks mva

Alle kostnader er inkludert i prisen.

Kyrkjeverja må sjå i budsjettet om vi finn pengar til fasadevask til ei eller fleire kyrkjer i 2026.

Protokoll: Osterøy sokneråd torsdag 12. mars 2026

Navn

Bjarte Hammer Aarland

Dato

2026-03-16


Navn

Kari Vevle Reigstad

Dato

2026-03-15

Identifikasjon

 Bjarte Hammer Aarland

Identifikasjon

 Kari Vevle Reigstad



Dette dokumentet inneholder elektroniske signaturer som bruker EU-kompatible PAdES - PDF Advanced Elektroniske signaturer (forordning (EU) nr. 910/2014 (eIDAS))